



Statens vegvesen

FERDE AS
Postboks 2623 Møhlenpris

5836 BERGEN

Behandlende enhet:
Vegdirektoratet

Saksbehandler/telefon:
Jan-Tore Knudsen / 47702040

Vår referanse:
20/210710-3

Deres referanse:

Vår dato:
19.08.2022

Takstvedtak – prisjustering av takstane i Førdepakken

Vegdirektoratet viser til søknad datert 16. juni 2022 fra Ferde AS om prisjustering av takstane i Førdepakken.

Førdepakken blei vedteken gjennom Prop. 137 S (2014–2015). Innkrevjing av bompengar starta 3. oktober 2016. Det er føresett at takstane vert justerte i samsvar med prisutviklinga. Takstane vart sist endra 4. januar 2021 med grunnlag i takstvedtak datert 11. november 2020 i sak 20/210710-1. I proposisjonen er der rekna med ei gjennomsnittleg inntekt pr. passering på 18,7 kr i 2015-prisnivå, som vert 20,12 kr i 2022-kr. Takstane vert justerte med kpi-indeks frå 2020 til februar 2022. Forslaget om prisjustering har vore på høyring hos Vestland fylkeskommune og Sunnfjord kommune, som begge tilrår prisjusteringa.

Med basis i 6,15 pst. prisvekst godkjenner Vegdirektoratet følgjande takstar:

Tabell 1: Ordinære bompengeretakstar for Førdepakken i 2022-kr

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
	Fullpris	Fullpris
Førdepakken	kr 36	kr 64

Tilskot til reduserte bompengetakstar

Førdepakken er kvalifisert til å få tilskot for reduserte bompengetakstar. Tilskotet blir gitt årleg i innkrevjingsperioden med atterhald om Stortinget sine årlege løyving til ordninga. Målet med ordninga er å redusere gjennomsnittstaksten med minst 10 pst.

Gjennomsnittleg takst for Førdepakken før tilskot er rekna til kr 20,12 i 2022-prisnivå. Ein reduksjon 10 pst. gjev ein gjennomsnittstakst på kr 18,11 kr. Takstane i tabell 2 er fastsett med utgangspunkt i den reduserte gjennomsnittstaksten.

Tabell 2: Reduserte bompengetakstar for Førdepakken i 2022-kr

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
	Fullpris	Fullpris
Førdepakken	kr 32	kr 57

Takstane er avrunda til næraste heile kroner. Dagens rabatt- og fritaksordningar vidareførast.

Dersom tilskotsordninga heilt eller delvis fell vekk, vil bompengeselskapa få moglegheit til å auke takstane til ordinært nivå, jf. tabell 1. Vegdirektoratet skal på vanlig måte godkjenne ein evt. tilbakesetting av takstane.

Takstvedtaket skal annonserast på vanleg måte. I annonseteksten skal det orienterast om at det er mogleg å klage på takstvedtaket, og at Samferdselsdepartementet er klageinstans.

Brukerfinansiering
Med hilsen

Åge K. Jensen
avdelingsdirektør

Jan-Tore Knudsen

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.